



Sauda kommune

## Økonomiplan 2017–2020



### Vedtatt:

- Formannskapet: Sak 091/2016
- Kommunestyret: Sak 116/2016

## Innhold

Budsjettvedtak	s. 3
Kommunalt plansystem	s. 6
Folketal og demografi	s. 6
Statsbudsjettet	s. 7
Rådmannen si innleiing	s. 7
Tallbudsjett budsjettskjema 1A og 1B	s. 10
Driftsbudsjett	s. 11
Kommentarar til postane i driftsbudsjettet	s. 12
Utgiftsauke og reduksjonar	s. 13
Investeringsbudsjett	s. 14
Kommentarar til investeringsbudsjettet	s. 16
Finansiering av investering, budsjettskjema 2A og 2B	s. 18
Næringskapittel	s. 19
Tenesteproduksjon	s. 20
- Tilsette i Sauda kommune	s. 20
- Rådmannens styringskort	s. 21
- Oppvekst, kultur og intro	s. 22
- Hels og omsorg	s. 30
- Fellestenester	s. 41
- Teknisk	s. 43

Vedlegg

Gebyrregulativ

Driftsbudsjett totalt på ansvar

Vedlegg til budsjettskjema 1A og 1B

Forsidebilde:

Signalberarar i MOT Sauda Foto: Ingunn N. Vold

# Vedtak, økonomiplan 2017 – 2020

- 1 Ordførar si godtgjersle blir sett til 100 % av ein stortingsrepresentant si godtgjersle og følgjer lønsutviklinga til stortingsrepresentantar. Vedtatt i KOM-sak 109/13.
- 2.a Det framlagte forslaget til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2018 - 2020, samt avgifter, gebyr og betalingssatsar for 2017 i vedlegg 1 til Økonomiplandokumentet blir godkjent med endringar.
- 2.b Kommunestyret viser til sitt vedtak ved handsaminga av økonomiplanen for 2011- 2014, punkt 1b om å justera drifta og andre aktivitetar i kommunen for å tilpassa tenestetilbodet til inntektene, og skapa rom for sparing og til sikring av kommunale tenester i år med svikt i variable inntekter.

Kommunestyret viser til vedtak i sak 090/2016

Kommunestyret gir rådmannen i oppdrag å vidareføra arbeidet med å finna innsparingar og inntektsauke, med målsetting om å ha eit reelt overskot i driftsrekneskapen på 1,7% i budsjettet for 2017.

- 3 Forslag til budsjett for ansvar 9000 – 9004 (skattar, rammetilskott, øyremerka tilskott, heimfallsleige, kompensasjnar med meir), ansvar 9100- 9600 (renter, avdrag og forbruk / avsetting til fond) for 2017, blir godkjent.
- 4 I driftsbudsjettet gir kommunestyret rammeløyvingar etter nettometoden. Det vil sei at det blir løyvd ei netto ramme til kvart tenesteområde. Nettoramma kjem fram ved å trekke inntektene frå utgiftene. Nettoramma for driftsbudsjettet per tenesteområde er som følgjer:

## **Politisk nivå og fellestenestar:**

Netto driftsramme:	Kroner	<b>31 505 000,-</b>
(Inklusive Sauda kyrkje	Kroner	2 777 000,-)

## **Oppvekst og kultur med introduksjonstenesta**

Netto driftsramme:	Kroner	<b>95 232 000,-</b>
--------------------	--------	---------------------

## **Helse og omsorg med barnevern og Nav**

Netto driftsramme:	Kroner	<b>163 508 000,-</b>
--------------------	--------	----------------------

## **Teknisk, inkludert havnekassa**

Netto driftsramme:	Kroner	<b>45 887 000,-</b>
Avskrivingar og kalk/ renter	Kroner	-23 911 000,-
<b>Total ramme</b>	<b>Kroner</b>	<b>312 200 000,-</b>

Nettorammene er inklusive avskrivingar og kalkulatorisk kostnad (VAR), men eksklusiv avsetning til, og forbruk av fond. Tala er avrunda til heile tusen.

Rådmannen har fullmakt til å fordele ramma til kvar eining innafor dei respektive tenesteområda. Rådmannen gis fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar. Ledige stillingar skal nøye vurderast med omsyn til alternativ organisering for å løyse arbeidsoppgåver utan nytilsetting.

- 5 Kommunestyret vedtek økonomiplanen og oppstillinga som går fram av Økonomiplan 2017- 2020. Dette omfattar frie inntekter, finansinntekter og finansutgifter, avsettingar og forbruk av avsettingar, samt rammer for tenesteområda i økonomiplanperioden slik det går fram av vedlegget for åra 2017-2020. Kommunestyret føresett at nye tiltak ikkje blir sett i verk utover planleggingsstadiet før det ligg føre særskilt vedtak i kommunestyret og løyvingar i årleg budsjett.
- 6.a Investeringsbudsjettet for 2017 med brutto løyving på utgiftssida og tilsvarende finansiering på inntektssida, blir vedtatt med endringar.
- 6.b. Investeringsbudsjett for åra 2017, 2018, 2019, 2020 og den oppstillinga som går fram av eige Investeringsoversikt økonomiplan 2017- 2020 per "WBS/ prosjekt", blir vedtatt.
8. Rådmannen gis fullmakt til å omdisponera midlar i investeringsbudsjettet til vedtekne prosjekter. Delegasjonen grenses til ein million kroner. Om slik omdisponering vert gjennomført skal formannskapet informerast.
- 9 Skattesatsane for inntektsskatt og formueskatt skal vera i samsvar med maksimalsatsane vedtatt i Stortinget sitt skattevedtak.
- 10 Eigedomsskattevedtak for året 2017 i Sauda kommune.

#### Virkeområde

For skatteåret 2017 skal det skrivast ut eigedomsskatt på "verk og bruk", næring og faste eigedommar i heile kommunen. Jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 første ledd, bokstav a.

a) Eigedomsskattesats:

- Den alminnelige eigedomsskattesatsen for 2017 er 7 promille, jf. eskl. § 11 første ledd.
- Differensiert skattesats for bustaddelen i eigedommar med sjølvstendig bustaddel, med tilhøyrande tomt, for 2017 er 3 promille, jf. eskl. § 12 bokstav a).

b) Takstvedtekter:

- Takstvedtektena for eigedomsskatt i Sauda kommune vedtatt i kommunestyret i sak 109/12 av 12. desember 2012.

c) Terminar:

- Skatten vert skrive ut i fire terminar, jf. eskl. §25 første ledd.

d) Takster:

- Den førre allmenne taksering var gjeldande frå og med 2013.

e) Unntak frå eigedomsskatt i høve til eigedomsskattelova § 7 a og b:

- Fylkeskommunale skular
  - Sauda VGS på Lofthus
  - Sauda VGS avdeling Birkeland
- Idrettsanlegg og hallar
  - Turnhallen , Skulegata 29
  - Lyngmyranlegget, Ny Von
  - Golfbanen med klubhus og anlegg

▪ Egedommar tilhøyrande følgjande frivillige organisasjonar:

- Speidarhuset, Håkonsgata
- Sauda ungdomslag, Espelandsveien
- Frelsesarmeens, Skulegata 22
- Pinsekyrkjelyden Salem, Espelandsvegen 6
- Betel, Indremisjonen, Mogata 1
- IOGT Losje Fjellbekken, Kyrkjegata 24
- Sauda Raude Kross, Åbødalsvegen 81
- Musikkhallen v/ Sauda musikklag
- Sauda Jeger og Fiskeforening, klubbhus med anlegg
- Brakamoen barnehage, Andersengja
- Industriarbeidermuseet, Håkonsgata
- Bedehuset Saron
- Tinghaug
- Sauda Folkets hus A/S

Eigedom tilhøyrande andre stiftingar/ organisasjonar vil bli vurdert fritatt for egedomsskatt av kommunestyret på grunnlag av søknad.

- 11 Sauda kommunestyre godkjenner bruk av næringsfond til lønn for inntil en halv stilling inklusive sosiale utgifter. Kroner 478 000,- Stillinga skal ha fokus på kommunen sitt næringsarbeid.
- 12 Sauda kommunestyre sluttar seg til kommunedelplan for helse og omsorg, handlingsplan for psykiatri, kommunedelplan for oppvekst og kultur, overordna beredskapsplan og klimaplan som alle må vurderast i samanheng med budsjettet for 2017 og økonomiplanen for 2018- 2020.
- 13 Kommunestyret vedtek å ta etterreguleringar/uttrekning av kommunen sine pensjonskostnader, slik det går fram i aktuarutrekningar i Kommunal Landspensjonskasse og i Statens Pensjonskasse, over 10 år.

Kommunestyret opnar for finansiell leasing der kor regelverket krev dette (rammeavtalar innkjøp) og med tilsvarende overføring av midlar mellom driftsrekneskapet og investeringsrekneskapet og bokføring av lånepoptak slik regelverket krev for finansiell leasing.

- 14 Det blir vedteke å ta opp følgjande lån i 2017:

- Kr. kr. 22.827.500,-  
til investeringar i VAR, IKT, bygg og anlegg
- Kr. 1 500 000,- til vidare utlån- startlån frå Husbanken.

Oppsett på totas finansiering finnes i investeringsbudsjettet.

Rådmannen blir delegert myndighet til å ta opp lån og godkjenne endelige lånevilkår, avdragstid, rente og å binda renta for lån innarbeidd i budsjettet og vedteke av kommunestyret, jf finansreglement. Avdragstid og sum må vere innafor grenser som kommunelova set, jf. Kommunelova § 50 nr. 7. Delegeringa gjeld i heile lånet si løpetid.

## **Endrings– og tilleggsforslag:**

Kommunestyret vedtar følgande endringar til driftsbudsjettet:

15)

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med sak om budsjettkorrigering i samaband med nadlegging av asylmottak. Kommunestyret ber om at eit intro– tilbod i skulen blir ivaretatt etter budsjettkorrigering. Saka legges fram i første kommunestyremøte på nyåret. Enstemmig vedtatt.

16)

Festeavgift for graver settes til 250 kroner. Enstemmig vedtatt

17)

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med sak om utvalsstruktur for politisk styring. Målsettinga med saka skal vera å auke det politiske engasjementet. Saka legges fram seinast januar 2018 for å sikra god tid til behandling og vedtak før partia skal ha nominasjonsarbeid til kommunevalet. Enstemmig vedtatt.

18a)

Politiske møter fortsetter på dagtid. Vedtatt mot 4 stemmer. Asle Rafdal, Ingrid Hillestad, Knut Halland og Kjell Reidar Austrheim stemte mot.

18b)

Utgifter til tidsskrifter for folkevalde reduserast med kroner 20 000,-. Enstemmig vedtatt.

18c)

Møtegodtgjersle til folkevalde settes til kroner 600,-. Enstemmig vedtatt.

19)

Gjennomsnitteleg lønnsjustering per 1. mai settes til 2,2%. Enstemmig vedtatt.

20)

Støtta til friviljuge lag aukast til kroner 400 000,- (idrettsmidler). Enstemmig vedtatt.

21)

Kommunestyret ber rådmannen sette av kroner 10 000,- i budsjettet til kultur til å dekke komiteen for kommunal kunst sitt arbeid. Ref. punkt 5 i vedtekten: «Komiteen arbeider fritt med utstillinge, samling, restaurering/rensning og innkjøp av kommunal kunst, innenfor de økonomiske rammer som årlig bestemmes av kommunestyret.»

Rammen for kultur aukes med kroner 10 000,- for å finansiere dette. Enstemmig vedtatt.

22)

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med sak om felles drift av kultur og fritidstilbod. Samdrift av folkets hus, Saudahallen, Bibliotek, Kino og turistinformasjon må vurderes. For å auke kompetansen på vertskapsrolla og destinasjonskunnskap ber kommunestyret rådmannen arrangere felles marknadsføringskurs for kommunalt tilsette med publikumskontakt. Ramme for kultur økes med kroner 20 000,- for å finansiere kurs. Enstemmig vedtatt.

23)

Kommunestyret vedtar å auka ramma til kultur med kroner 25 000,-. Beløpet skal gå til å styrka arbeidet med psykisk helse. Enstemmig vedtatt.

24)

Kommunestyret ber rådmannen sikra at ungdomstilbudet som kommunen har levert gjennom prosjektet «god fritid for alle» består ut 2017. Rådmannen bes sjå på finansieringsløysingar og komma tilbake til kommunestyret med ei mogleg løysing. Enstemmig vedtatt.

25)

Auke innteninga i Saudahallen. Innteninga til Saudahallen aukast med kroner 250 000,-. Samtidig skal det settast av kroner 50 000 til marknadsføring for å auke besøket når heile uteområdet er ope. Einstemmig vedtatt.

26)

eining brann og oljevern vert redusert med kroner 250 000,-. Einstemmig vedtatt.

**Kommunestyret vedtar følgande endringar til gebyrregulativet:**

27)

Halleige for barn og unge under 18 år blir 50% av kostnad for vaksne. Innførast frå 1.7.2017. Vedtatt mot fem stemmer. AP sine representantar stemte mot.

28)

Søskenmoderasjon i kulturskolen vert oppretthaldt. Einstemming vedtatt.

29) alle gebyr i kapittel ein (byggesaksgebyr) auke med 10% frå 2016 nivå. Einstemming vedtatt.

**Kommunestyret vedtar følgande endringar i næringskapittelet:**

31)

Det vert lagt inn kroner 10 000,- til Stiftinga Tveittunet. Beløpet skal dekka vedlikehald og andre tiltak og skal disponerast av styret. Avsetning til fond reduserast med tilsvarende beløp. Einstemming vedtatt.

32)

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med sak om gruvesti i Allmannajuvet. Rådmannen bes om å få til eit spleiselas med andre interesser i området og tilskudd frå fond. Kommunen sin del i eit slikt spleiselas bør finansierast av næringsfond.

Punkt 4 og tabellar tilhøyrande punkt 5 i formannskapets vedtak juteres med oppdaterte tal. Avsetningar til disposisjonsfond justerast tilsvarende auka total ramme. Einstemming vedtatt.

**Kommunestyret vedtar følgande endringar i investeringsbudsjettet:**

Post 5 og 6 VAR. (Overbygg over konteinrarar og utviding av kontorbygg på Birkeland) Postane fjernes frå investeringsbudsjettet. (Midlar bevilga i 2016). Einstemming vedtatt.

Post 11 SDMS.

Endrast til 2017: kroner 9 000 000,- og 2018: kroner 13 500 000,- Einstemming vedtatt.

Post 13 Carport Høllandstunet, heimmetenesta.

Må inkluderast i pakka under punkt 17. Planlegging starter i 2017. Einstemming vedtatt.

Post 15 Utstyr til kjøkken DMS.

Det vert lagt inn kroner 100 000,- i 2018, 2019, og 2020. (ref. eit årleg beløp). Einstemming vedtatt.

Post 18 og 19 Tak Saudahallen og Fliser basseng.

Det vert flytta kroner 550 000,- frå 2019 til 2017 i post 18. Post 19: Det vert lagt inn kroner 1 000 000,- i 2017 og kroner 0 i 2018. Einstemming vedtatt

Post 32 Utvide parkeringsplass i Jeskedalen.

Posten fjernes frå investeringsbudsjettet. Einstemming vedtatt. (Finansiert i 2016).

Post 33 Veg til Norstødalen.

Fjernes frå budsjettet då det har skjedd ein dobbeltføring med post 26. Einstemming vedtatt.

Post 36 Ras sikring gangtunell Saudasjøen.

Kommunestyret ber rådmannen sjå på alternativ finansiering til dette tiltaket. Kan det tilførast midlar ber formasnnskapet om å få ein eigen sak på slik ras sikring. Einstemming vedtatt.

Post 52 Fiberkabel til Birkeland

Teksten endres til Fiberkabel til Birkeland og Allmannajuvet. Det legges inn kroner 800 000,- ekstra i 2018.

Post 55 Infrastruktur fjernvarme.

Posten tas ut av investeringsbudsjettet. Sauda fjernvarme må stå for investeringar i slik infrastruktur. Einstemming vedtatt.

Post 57 Tak over uteområdet ved Saudahallen. (Ny post)

Beløp kroner 300 000,- vert lagt inn i investeringsbudsjettet for 2017. Tiltaket er grunna med betre inntening i Saudahallen.

Punkt 14 i formannskapets vedtak vert justert med auka låneopptak. Einstemming vedtatt.

**Punkt 33:**

Sauda skal innta ei aktiv og framoverlent rolle i arbeidet med å grensejustera Hylsstråndå og Vintraleå inn i Sauda kommune. Rådmannen legg i neste formannskapsmøte fram ei sak om vidare strategi for å påverka styresmaktene til å ta dei rette vala! Einstemming vedtatt.

**Punkt 34:**

Vennskapssamarbeidet økes til kroner 25 000. Avsetning til fond reduseres tilsvarende. Vedtatt mot Høyre sine tre stemmer.

**Punkt 35:**

Kommunestyret ber om ei sak til første formannskap i 2017 på forslag til styringsgruppe og organisering av arbeidet med å intensivera innsatsen for realisering av veg til etne. Einstemming vedtatt.


## Kommunalt plansystem

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Gjeldande kommuneplan for Sauda vart vedtatt i juni 2012.

Den kommunale planstrategien skal vera eit hjelpemiddel for kommunestyret til å prioritera planoppgåver for å møta kommunens behov. Formålet er å klargjera kva for planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra for å legge til rette for ønska samfunnsutvikling.

Sauda kommune sin planstrategi blei vedteken i september 2016.

Kommuneplanen (samfunns- og arealdel), planstrategi og andre aktuelle plandokument kan lastas ned frå kommunen sine [heimesider](#).



Kommunedelplan for oppvekst og kultur blei ferdigstilt i 2015. Tilsvarande plan for helse og omsorg er nær ferdigstilling.

Det er også fleire regionale planar som er viktige for Sauda, m.a. Regionalplan for Haugalandet (areal og transportplan) og Regionalplan for areal og transport i Ryfylke.

## Folketal og demografi:

### Folketal

Per 1. januar 2016 var folketalet i Sauda 4710 personar. 2. kvartal 2016 er folketalet 4724. Dette på tross av eit fødselsunderskot på 11 personar. Altså folketalet held stand som følgje av innvandring.

Årsklas- se	2016	2020	2025	2030	2040	Diff 2016 - 2040	Diff i %
0-5	302	297	306	306	307	5	2 %
6-12	397	406	389	393	387	-10	-3 %
13-15	153	181	175	170	175	22	14 %
16-19	266	209	252	242	240	-26	-10 %
20-66	2712	2691	2573	2540	2544	-168	-6 %
67-79	521	548	657	718	676	155	30 %
80-89	304	271	253	279	397	93	31 %
90+	55	75	84	78	93	38	69 %
<b>Samla</b>	<b>4710</b>	<b>4678</b>	<b>4689</b>	<b>4726</b>	<b>4819</b>	<b>109</b>	<b>2 %</b>
	67+ 880	894	994	1075	1166	286	33 %

**Kjelde:** SSB. Alternativ MMMM er basert på middels fruktbarhet, middels levealder, middels innanlandsk flytting og innvandring

### Framskriving av folketal

Framskrivingsprognosar blir gjort av SSB, det finnes fleire scenario som kan velgjast når det gjeld kva som skal ligga til grunn for prognosene. Me har vald eit forsiktig optimistisk alternativ, det såkalla MMMM alternativet. I dette alternativet vert innvandring medrekna. Me har ei forsiktig innvandring til kommunen, det er grunn til å tru at trenden fortsett. I dette alternativet vil folketalet vera på dagens nivå. Me vil ha ein auke i talet på barn og unge til 15 år fram mot 2020. For eldre over 80 år ser me først ein nedgang mot 2020, men så vil talet på personar i aldersgruppa vera på dagens nivå i 2030 for så å stiga betydelig. Om me vel å sjå på mindre optimistiske alternativ er trenane dei same.

I ei slik analyse må ein og sjå på andre faktorar som vil innverka på busettinga. I første rekke sysselsettinga. Sauda har ein tydelig reduksjon av arbeidsplassar. Om me ikkje snur denne trenden vil konsekvensen bli ein langt større reduksjon i innbyggjarar 20–66 år enn vist i tabellen over.

## Statsbudsjettet

### Prioriteringar i kommunedelen

Regjeringa legg opp til ei auke inntektene til kommunane med kroner 3 400 000,-. Frie inntekter vil totalt auke med 4,1 millionar kr.

#### Levande lokaldemokrati

Regjeringa legg stor vekt på ein fornya og forbetra kommunestruktur. Tanken er at store kommunar kan løysa framtidas velferdsoppgåver betre.

Den såkalla regionsreforma vil gå vidare.

#### Enklare kvardag for folk flest.

Regjeringa sin ambisjon er å skapa ein enklare kvardag gjennom å fornya, forenkle og forbetra offentleg sektor. Reguleringar og byråkrati skal reduserast. Einskildmennesket skal få eit større handlingsrom.

I denne satsinga er det lagt vekt på tiltak som skal fremme digitalisering. Forenkling av byggesakshandsaming er særleg nemnd saman med fleire konkrete prosjekt.

Effektivisering i kommunesektoren skal nåast mellom anna gjennom meir utbredt IKT-bruk.

#### Sterkare sosial sikkerhet.

Bygging av bustader som sikrar alle ein god og trygg stad å bu. Både bustøtte og lånemuligheter i husbanken er ordningar som vert videreført.

#### Frivillig-sentralar

Kommunane får ansvar for tilskot til slike sentralar. Tilskottet er lagt inn i rammeoverføringane frå staten.

#### Tidlig innsats i skule

Satsinga vil fortsette, det vil bli sendt ut eit lovforslag om tidleg innsats. Målet er at skular skal kunna gi tilbod raskt utan å venta på sakkyndige vurderinger.

#### Integrering

Regjeringa vil arbeida for å sikra opplæringsplass til alle som har behov for vidaregåande opplæring sjølv om dei har vidaregåande opplæring frå heimlandet.

#### Frå andre departement nemner me følgjande:

##### Tiltakspakker i samband med situasjonen i oljenæringa.

Tiltaka er retta mot vår region, men skal spesielt rettast mot dei bransjene som er direkte råka.

Når det gjeld samferdsle vil regjeringa «overoppfylla» NTP. Det skal vera god framdrift på alle jernbaneprosjekter og overføringane til det nye vegselskapet aukar.

Sjukehusa får ei auke i overføringer med 2,1%.

Forsking og høgare utdanning blir tilgodesett med ei auke.

Politiet blir styrka med kroner 300 000 000,- til politidistrikta. Samt to nye politihelikopter.

Forsvaret får ei betydeleg auke i budsjetta.

## Rådmannen si innleiing

### Tilhøve i kommunebudsjettet for 2017

Budsjettet for 2017 er gjort opp med minimal auke i inntekter frå 2016. Samstundes mottar Sauda kommune nær 6 millionar kroner som er knytta opp mot asylmottaket, dvs. inntekter som skal gå til tilboden til asylsøkarar. Slik kan me seie at me har eit reelt kutt på 6 millionar i høve til 2016-budsjettet.

Samstundes er det behov for utgiftsauke i mange einingar, som summert opp på side 13 i dokumentet. Det som er lagt inn i budsjettet er svært nøkterne anslag i høve til behova frå einingane. Fleire av einingane signaliserer at det vil ver ta krevjande å gi tilbod i tråd med behov, lov og forskrift.

#### Utgiftsreduksjonar

Behov for auke i utgifter er nøkternt anslått til om lag kroner: 27 000 000,-. Dette er langt meir enn auke i inntekter, og betyr at det må gjennomførast kutt i drifta. Kvart tenesteområde har identifisert kutt slik at einingane er nede på nivå med budsjett for 2016. Dette er beskrive under det einskilde tenesteområdet. Totalt er det her snakk om å kutta kostnader tilsvarende 15-18 stillingar.

#### Økonomisk mål for organisasjonsendring

Kommunestyret har gjort vedtak om organisasjonsendringar med bl.a. mål om reelt overskot. Endringane skal vera klare til å settas i verk 2. halvår i 2017. I framlegget til budsjett er det lagt inn kroner 5 millionar i avsetning til fond som blir innsparingsmålet for 2017. Dette er då ein halvtårsverknad, slik at for 2018 skal det vere mogleg å ha reelle overskot på opp mot 10 millionar kroner. Dette vil seia at me må gjennomføra vidare kutt av kostnader tilsvarende 7– 8 stillingar i andre halvdel av 2017. Dette kjem fram i budsjettet ved at me har om lag det same beløpet til fordeling til drift i 2017 som i 2016, kroner 312 000 000,-

#### Skatteanslag

Frå sentrale myndigheter er skatteanslaget for Sauda kommune kroner 145 000 000,-. På bakgrunn av årets skatteinngang og analyse av arbeidsmarknadssituasjonen har me vald å legga anslaget på 138 000 000,-. Altså 7 mill. kroner mindre enn det som er anslått. Dette vil føre til at vi får reduserte utbetalingar inn til ordninga med inntektsutjamning, noko som vil betra økonomien noko.

## Særlege fokusområde i 2017-budsjettet

(Noko arbeid strekker seg inn i økonomiplanperioden)

### Organisasjonsendring

Kommunestyret har gjort vedtak om organisasjonsendringar for å nå fleire målsetningar i løpet av dei nærmeste åra:

1. Ein sunn og berekraftig økonomi, noko som betyr reelle overskot kvart år. Dette vil krevja reduksjonar i drifta i høve til 2016 på nær 20 millionar. Det er ikkje eit mål å gjennomføra alle desse reduksjonane i 2017, men arbeidet må starta i dette budsjettåret. I økonomiplanperioden er det eit mål å overføra millionbeløp frå drift til investering.
2. Ein organisasjon med dedikert tid til strategisk leiing og til faglig leiing der jobben vert gjort.
3. Ein organisasjon som er budd til å møte utviklinga når det gjeld å ta i bruk ny teknologi.
4. Ein organisasjon som bidrar til næringsutvikling og tilrettelegging for nye arbeidsplasser i Sauda.

Målet for 2017 er at vedtak om organisasjonsendringar er gjennomført, og at det vert iverksett prøvedrift i fire månader hausten 2017.

### Lean

Kommunen sin organisasjon skal fortsette arbeidet med LEAN. Det overordna målet er dagleg forbetring og utvikling pregar organisasjonskulturen. Kommunen sitt engasjement i «Forbetringsforum Sauda» fortsett. At halvparten av verksemndene skal ha kjennskap til Lean-metodikken er målet for 2017.

### Smartkommune


Sauda kommune vil arbeida med å ta i bruk smart-teknologi i tenesteproduksjonen. I 2017 ønsker me å ta i bruk system for byggesaksdialog, energimerking og styling, digitalisering av eigedomsarkiv og planleggje vidare utvikling når det gjeld velferdsteknologi.

### Velferdsteknologi

Sauda kommune er med i velferdsteknologiprosjektet på Haugalandet. Alle kommunar på Haugalandet er med i prosjektet. Prosjektet har som mål å gi auka kompetanse og hjelpe kommunane med å implementera velferdsteknologi. Sauda kommune må starte prosessen med å gi organisasjonen kompetanse til å drive eit godt arbeid når det gjeld å implementera velferdsteknologi.

Målet i 2017 er å laga ein plan for kompetanseheving av nøkkelpersonar, ta avgjersler om kva som skal vera kommunen sitt ansvar når det gjeld ny teknologi og planleggja innkjøp i tråd med behov. Me skal gjennomføra innkjøp av digitale tryggingsalarmer

### Sjukefråvere



■ Totalt sjukefråvere

■ Eigenmeldt

#### Mål i 2017:

- 6% sjukefråvær totalt for kommunen. Tiltak er konsekvent gjennomføring av dialogmøter. Til dette arbeidet vil me nytta modul i vårt HRM-system.
- Aktiv bruk av NAV sine verkemiddel. Tiltak er eit aktivt samarbeid med NAV arbeidslivssenter og andre bedrifter i Sauda om eit kontaktforum i Sauda.
- Restriktiv bruk av tilrettelegging. Det vil seia at verksamda sin produksjon skal prioriterast over behovet for tilrettelegging.
- Effektiv bruk av tilsette på gradert sjukemelding

### Attføring

I dette arbeidet samarbeider kommunen med bedriftshelsestenesta, NAV, legestenesta og attføringsbedrifta Rysteg. Kommunen er majoritets-eigar i Rysteg og har styrerepresentasjon.

For 2017 vil me vidareføra tilskudda til Rysteg, og bidra til arbeidet med å sikra at flest mulig får delta i arbeidslivet.

### Kompetanseutvikling

Sauda kommune skal ha tilsette med god, oppdatert og tilstrekkeleg kompetanse. Dette er avgjerande for å driva god tenesteyting. Utdanning i Ryfylke (UiR) legg til rette for livslang læring der folk bur. Dette er svært viktig for å utvikla konkurranseskraft i regionane – både for det offentlege og næringslivet. Sauda kommune vil arbeida for permanent drift av UiR.

### Ny kommuneplan

Kommunestyret har vedtatt rullering av kommuneplanen. Planstrategien er vedtatt, på basis av denne er målet å ha eit planprogram ferdig i løpet av april.

## **Samfunnssikkerhet og beredskap**

Sauda kommune skal sjå til at lokalsamfunnet er trygt, og førebygga uhell og ulukker. Likevel kan også Sauda bli ramma av hendingar som kan få omfattande skadeverknader. Kommunane har ansvar for å kartlegga risikotilhøve og ta omsyn til desse i kommunal planlegging og tenesteproduksjon. Viktige hjelpemiddel i dette arbeidet er risiko- og sårbarhetsanalyser (ROS-analyser) samt dekkande planverk.

### **Mål i 2017:**

Få ei løysing på Fv 520 som sikrar passering ved Svandalsfossen uansett vær.  
Utarbeida ROS-analyser på minst to aktuelle områder.  
Evaluera gjeldande planverk i tråd med ROS-analyser.  
Gjennomføra ei større beredskapsøving.

## **Sauda som omstellingskommune**

Sauda har som einaste kommune i Rogaland status som regional omstellingskommune. Bakgrunn er langvarig befolkning nedgang og svak arbeidsplassutvikling. Det er usikkert kva for rammer arbeidet vil få i 2017. Dette skal avgjerast av Rogaland fylkeskommune.

Ein del lovande utviklingsprosessar pågår, men for å sikra gevinstrealisering er det lagt opp til å spissa innsatsen mot følgande område:

- Rammeverk og verktøy for samfunns- og næringsutvikling
- Reiseliv og reisemålsutvikling
- Datasenter/grønn kraftkrevende industri, fiber og digitalisering

Nøkkelord i det vidare arbeid vil bli eit tydelegare regionalt fokus, samt enda tettare og betre kontakt med bedriftene for å stimulera til utviklingsprosjekter.

### **Mål for 2017**

- \* Utarbeida strategisk næringsplan med ny struktur og organisering av utviklingsarbeidet
- \* Fleire arbeidsplassar i Sauda

## **Integrering**

Sauda kommune vil arbeida med integrering i heile den kommunale verksemda. Dette betyr at me vil gje eit godt tilbod til dei som vert busett i kommunen, til asylsøkarar og andre minoritetsspråklege som busett seg i kommunen. I dette ligg at me, saman med næringslivet i Sauda, skal gje tilbod om språkopplæring, språkpraksis og arbeidspraksis til dei som har behov for det. For å sikra kvaliteten i dette arbeidet vil me organisera arbeidet som i dag, med to medarbeidarar som arbeider heiltid direkte mot flyktningar. I tillegg kjem noverande forsterkingar av aktuelle verksemder i kommunen.

**Mål i 2017:** Tettare samarbeid med næringslivet slik at me kan gje tilbod til alle som treng språkpraksis. Næringslivet skal oppleva at språkpraksis er ein fordel for verksemda. Me skal ha på plass eit godt samarbeid med Ryfylke IKS i tråd med prosjekt språkpraksis og arbeidspraksis.

## **Folkehelse**

I fleire år har folkehelse vore eit nasjonalt satsingsområde. I Sauda er dette arbeidet tydeleg prioritert frå 2016. I Lov om folkehelsearbeid vert det stilt krav til kommunane når det gjeld kartlegging, organisering og gjennomføring av folkehelsearbeidet. I Sauda kommune har me fått utarbeidd eit oversiktsbilete i tråd med folkehelselova. Dette biletet vere eit av grunnlagsdokumenta for vidare arbeid. Fokus på folkehelse skal vera gjennomgående i all kommunal verksem, og difor i alle kommunale planer.

**Mål for 2017** er at oversiktsbiletet skal vere eit av grunnlagsdokumenta i arbeidet med kommuneplanen. Det er og eit mål at alle politiske saker skal innehalda refleksjon rundt effekten vedtaka har på folkehelsearbeidet.



Sauda er eit lokalsamfunn med MOT. Hovudaktiviteten føregår rundt Sauda ungdomsskule. Nytt frå 2017 er at Sauda ungdomsskule blir med i modellen «Skulen som samfunnsbyggjar», som er ein del av «MOT-løftet 2017». Sauda styrker også MOT-laget med 2 nye MOT-coachar, og me held fram med samarbeidet med Sauda IL og Frisk og Rask. Sauda kommune vil halda fram med å utvikla og forsterka verdiar, haldningar, og legga til rette for livsmeistring og trygge lokalsamfunn for ungdom.

Ved Sauda ungdomsskule er det etablert ei fast arbeidsform der alle klassane får MOT-besøk, totalt 12 besøk over ein treårsperiode. Det er også to foreldremøte, der vårmøtet på 9. trinn er felles for elevar og foreldre. Me vidarefører også tiltaket med ung MOTivator (tidlegare Ungdom med MOT), som bidreg under ulike arrangement og dessutan besøker 7. klassane 3 gonger for å få ein betre og tryggar overgang til ungdomsskulen.

Sauda har 5 MOT-coachar, og eit operativt styre. Sauda idrettslag har ein eigen MOT-ansvarleg i sitt styre, og jobbar med å utvikla MOT-arbeidet i sine grupper. Sauda har 12 unge MOT-leiarar (tidlegare signalbærarar) som er med på å utvikle aktivitetar og MOT-arbeidet vidare .

## **Fairtrade**

Det er lagt opp til å støtta til det lokale arbeidet, men med redusert støttebeløp til kr. 10 000,-. Målet i 2017 er å halda arbeidet på dagens nivå.

## **Vennskapssamarbeid**

Vennskap Sauda – San Juan del Sur, det er lagt opp til å vidareførar arbeidet, men med ei redusert støtte, tilsvarende Fairtrade.

## Tallbudsjett

<b>Budsjettkjema 1A 2017</b>	<b>Til drift</b>		
	Budsjett 2017	Budsjett 2016	Regnskap 2015
Driftsregnskapet			
Skatt på formue og inntekt	-138 000 000	-140 000 000	-134 334 031
Ordinært Rammetilskudd	-139 909 000	-132 480 000	-128 857 345
Skatt på eiendom	-39 200 000	-41 800 000	-42 724 727
Andre direkte/indirekte skatter(hjemfall)	-6 597 000	-6 597 000	-7 836 317
Andre generelle statstilskudd	-20 699 106	-17 533 000	-17 765 395
Motpost MVA komp	-9 646 989	-9 646 989	-9 368 694
Fordeling	0	0	75 646
Sum frie disponible inntekter	-354 052 095	-348 056 989	-340 810 863
Renteinntekter og utbytte(sos.utlån)	-1 777 000	-1 713 000	-2 798 712
Renteutgifter, provisjoner og finansutgifter	9 584 540	10 175 000	12 068 466
Gevinst finansielle intrumenter	-2 600 000	-2 600 000	-2 140 576
Tap finansiell instrumenter	0	0	0
Avdrag på lån (inkl.sos.utlån 52)	22 145 832	20 625 000	16 870 961
Netto finansinntekter/-utgifter	27 353 372	26 487 000	24 000 138
Til dekning av tidl.års regnskapsm.merforbruk	0	0	5 681 458
Til ubundne avsetninger 54	17 450 394	10 681 692	665 865
Til bundne avsetninger 55	7 834 917	7 406 497	14 976 066
Til likviditetsreserve 56	0	0	0
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	-6 620 289
Bruk av bundne avsetninger 95	-10 785 781	-8 419 474	-10 520 394
Bruk av likviditetsreserve 96	0	0	0
Netto avsetninger/forbruk	14 499 530	9 668 715	4 182 707
Overført investeringsregnskapet 57	0	0	0
Til fordeling drift	-312 199 193	-311 901 274	-309 929 568
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	0	0	-2 698 450

<b>Budsjettkjema 1B 2017</b>	<b>Netto driftsramme per tenesteområde</b>		
	Budsjett 2017	Budsjett 2016	Regnskap 2015
<b>Driftsregnskapet</b>			
<b>Fellestjenester</b>			
<b>Netto driftsramme</b>	<b>31 663 299</b>	<b>30 547 542</b>	<b>40 711 391</b>
<b>Skole, Opplæring, Kultur</b>			
<b>Netto driftsramme</b>	<b>95 439 727</b>	<b>86 559 489</b>	<b>95 977 680</b>
<b>Helse</b>			
<b>Netto driftsramme</b>	<b>163 507 051</b>	<b>172 529 913</b>	<b>153 257 450</b>
<b>Teknisk inkl. Havnekassen</b>			
<b>Netto driftsramme</b>	<b>45 467 356</b>	<b>47 277 635</b>	<b>43 408 779</b>
<b>Motpost avskrivninger/kalk.ren</b>			
<b>Netto driftsramme</b>	<b>-23 910 690</b>	<b>-25 013 305</b>	<b>-23 425 732</b>
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>	<b>312 166 743</b>	<b>311 901 274</b>	<b>309 929 568</b>

## Driftsbudsjett 2017 og økonomiplan 2018– 2020

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
	ØKONOMIPLANPERIODEN					
Brukerbetalinger	-12 948 723	-12 193 738	-13 600 898	-13 600 898	-13 600 898	-13 600 898
Andre salgs- og leieinntekter	-71 654 061	-72 324 955	-72 732 608	-72 732 608	-72 732 608	-72 732 608
Overføringer med krav til motytelse	-52 047 471	-51 058 793	-55 062 282	-55 062 282	-55 062 282	-55 062 282
Rammetilskudd	-128 857 345	-132 480 000	-139 909 000	-139 909 000	-139 909 000	-139 909 000
Andre statlige overføringer	-22 021 275	-25 073 000	-28 399 106	-28 399 106	-28 399 106	-28 399 106
Andre overføringer	-4 812 600	0	0	0	0	0
Skatt på inntekt og formue	-134 334 031	-140 000 000	-138 000 000	-138 000 000	-138 000 000	-138 000 000
Eiendomsskatt	-42 724 727	-41 800 000	-39 200 000	-39 200 000	-39 200 000	-39 200 000
Andre direkte og indirekte skatter	-7 836 317	-6 597 000	-6 597 000	-6 597 000	-6 597 000	-6 597 000
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER (B)</b>	<b>-477 236 550</b>	<b>-481 527 486</b>	<b>-493 500 894</b>	<b>-493 500 894</b>	<b>-493 500 894</b>	<b>-493 500 894</b>
Lønnsutgifter	253 842 846	258 647 233	259 990 140	255 990 140	255 990 140	255 990 140
Sosiale utgifter	64 518 315	68 629 423	64 805 446	63 805 446	63 805 446	63 805 446
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	67 628 286	63 055 504	64 832 960	64 832 960	64 832 960	64 832 960
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod	32 299 829	30 413 228	34 543 432	34 543 432	34 543 432	34 543 432
Overføringer	28 561 349	30 464 989	27 864 564	27 864 564	27 864 564	27 864 564
Avskrivninger	23 425 734	25 013 305	24 165 375	24 165 375	24 165 375	24 165 375
Fordelte utgifter	-421 003	-291 000	-421 000	-421 000	-421 000	-421 000
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER (C)</b>	<b>469 855 356</b>	<b>475 932 682</b>	<b>475 780 917</b>	<b>470 780 917</b>	<b>470 780 917</b>	<b>470 780 917</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)</b>	<b>-7 381 194</b>	<b>-5 594 804</b>	<b>-17 719 977</b>	<b>-22 719 977</b>	<b>-22 719 977</b>	<b>-22 719 977</b>
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-2 630 770	-1 593 000	-1 657 000	-1 657 000	-1 657 000	-1 657 000
Gevinst på finansielle instrumenter	-2 140 576	-2 600 000	-2 600 000	-2 600 000	-2 600 000	-2 600 000
Mottatte avdrag på utlån	-167 942	-120 000	-120 000	-120 000	-120 000	-120 000
<b>SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER (E)</b>	<b>-4 939 288</b>	<b>-4 313 000</b>	<b>-4 377 000</b>	<b>-4 377 000</b>	<b>-4 377 000</b>	<b>-4 377 000</b>
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	11 994 097	10 175 000	9 584 540	9 584 540	9 584 540	9 584 540
Avdrag på lån	16 770 960	20 625 000	22 025 832	22 025 832	22 025 832	22 025 832
Utlån	100 000	0	120 000	120 000	120 000	120 000
<b>SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)</b>	<b>28 865 057</b>	<b>30 800 000</b>	<b>31 730 372</b>	<b>31 730 372</b>	<b>31 730 372</b>	<b>31 730 372</b>
<b>RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRA</b>	<b>23 925 769</b>	<b>26 487 000</b>	<b>27 353 372</b>	<b>27 353 372</b>	<b>27 353 372</b>	<b>27 353 372</b>
Motpost avskrivninger	-23 425 732	-25 013 305	-24 165 375	-24 165 375	-24 165 375	-24 165 375
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT (I)</b>	<b>-6 881 157</b>	<b>-4 121 109</b>	<b>-14 531 980</b>	<b>-19 531 980</b>	<b>-19 531 980</b>	<b>-19 531 980</b>
Bruk av disposisjonsfond	-6 620 289	-50 000	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	-10 520 395	-8 419 474	-10 785 781	-10 785 781	-10 785 781	-10 785 781
<b>SUM BRUK AV AVSETNINGER (J)</b>	<b>-17 140 684</b>	<b>-8 469 474</b>	<b>-10 785 781</b>	<b>-10 785 781</b>	<b>-10 785 781</b>	<b>-10 785 781</b>
Dekning av tidligere års merforbruk	5 681 458	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	665 865	5 184 086	17 482 844	22 482 844	22 482 844	22 482 844
Avsetninger til bundne fond	14 976 067	7 406 497	7 834 917	7 834 917	7 834 917	7 834 917
<b>SUM AVSETNINGER (K)</b>	<b>21 323 390</b>	<b>12 590 583</b>	<b>25 317 761</b>	<b>30 317 761</b>	<b>30 317 761</b>	<b>30 317 761</b>
<b>REGNSKAPSMESSIG MER- MINDREFORBRUK (L = I+J-K)</b>	<b>-2 698 451</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# Kommentarar til postane i driftsbudsjettet

## Frie inntekter

Frie inntekter er rammetilskot frå inntektssystemet, og skatteinntekter.

## Skatt på formue og inntekt

I budsjettet for 2017 er det lagt inn kroner 138 000 000,- i skatt. Dette er ein reduksjon på to millionar frå opprinnelig budsjett 2016. Me har auka anslaget med to millionar frå revidert budsjett 2. tertial.

## Rammeoverføringer

Dette er berekna til om lag 140 000 000,- Ei auke på 7,5 millionar kroner frå budsjett 2016.

## Eigedomsskatt

Denne er berekna til 39 200 000,-, ein reduksjon på 2 600 000,- frå 2016.

## Heimfallsleige, og sal av konsesjonskraft.

Etter at vi har gjort ny avtale om heimfallsleige er anslaget på inntekter auka med om lag 3 millionar kroner.

Konsesjonskrafta er seld med ei auke i inntekter på omlag kroner 5 millionar frå revidert budsjett 2016 Inntekt av konsesjonskraft salet er på omlag 23 000 000,-. Til fråtrekk kjem kostpris på kjøp av krafta.

## Sal og leige inntekter, gebyr

Sals og leigeinntekter gjeld eigenbetalingar for diverse tenester, mellom anna foreldrebetaling barnehagar og skulefritidsordninga, kommunale avgifter, husleige, gebyr, billettinntekter med meir. For 2017 vert kommunale gebyr auka med konsumprisindeks. Inntektsauken vert på om lag 1,5 millionar.

Når det gjeld VAR gebyr (vatn, avløp og renovasjon) har me gjort ein revisjon av gebyrnivået. Dette fører til at noko av desse gebyra går ned.

For andre sjølvkostområde er konsumprisindeks lagt til grunn med unntak av forvaltningsgebyr som er auka med total kroner 260 000,-.

## Lön og sosiale utgifter

Lønsbudsjettet tek utgangspunkt i stillingsheimlar som er rapportert inn av einingane. Det er lagt inn ein gjennomsnittleg lønsjustering per 1. mai 2017 med 2,1 %.

